



# Vang kommune

ArkivSakID: 20/617  
JournalpostID: 20/5619  
ArkivID: K1-082  
Saksbehandlar: Ole Martin Alfstad

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/21	Formannskapet	28.01.2021
006/21	Kommunestyret	11.02.2021

### Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vang kommune

#### Vedlegg:

19.01.2021      2021 forskrift til godtgjersle mm til folkevalde i Vang kommune      163877

#### Saksopplysningar:

I ny «Lov om kommuner og fylkeskommuner» (kommuneloven) kap. 8, som vart sett i kraft frå 01.01.2020, går det fram at kommunane sitt reglement om godtgjersle til folkevalde skal fastsetjast i forskrift av kommunestyret i den einkilde kommune.

Forskrifta skal innehalde reglar om dei folkevalde sin rett til dekking av utgifter og økonomisk tap (§ 8-3), arbeidsgodtgjering (§ 8-4), ettergodtgjering (§ 8-6) og permisjonar (§ 8-10).

Vang kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde vart fastsett av kommunestyret i sak K-68/98 med seinare endringar, sist i samband med økonomiplan 2020-2023 og årsbudsjett 2020.

Etter den nye kommunelova, er det i tillegg eit krav at reglementet skal utformast som forskrift. Det betyr at krava til forskrift i forvaltningslova skal vere oppfylt. Dette gjeld bl.a. krav til utforming, høyring og kunngjering.

Innhaldet i dagens reglement for godtgjersle til folkevalde i Vang kommune er i stor grad i samsvar med kravet i den nye kommunelova. Unntaket er § 8-10 i kommunelova som fastset reglar om permisjon:

*«Kommunestyret og fylkestinget skal selv gi forskrift om permisjon for folkevalgte som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse.*

*Permisjon kan bare gis i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Under permisjonen beholder de folkevalgte godtgjøringen i inntil to uker, med mindre de gir avkall på den.*

*Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barns og barnepassers sykdom skal kommunen og fylkeskommunen sørge for at de folkevalgte får rett til å beholde godtgjøringen etter de samme reglene som gjelder for ansatte i kommunen eller fylkeskommunen».*

I vedlagte utkast til ny lokal forskrift er gjeldande reglement utforma som forskrift.

**Vurdering:**

Kommunedirektøren legg til grunn at innhaldet i gjeldande reglement blir vidareført i forskrift.

**Innstilling til kommunestyre :**

1. Reglar om permisjon for folkevalde etter kommunelova § 8-10 er take inn i forskrifta under § 6 Permisjonar og omsorgsgodtgjersle.
2. Kommunestyret vedtek å legge framlegg til «Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vang kommune ut til høyring med høyringsfrist 25.februar 2021.

**Formannskapet 28.01.2021:**

**Behandling:**

Framlegg til vedtak: samrøystes vedteke

**FS- 002/21 Vedtak:**

**Innstilling til kommunestyre :**

1. Reglar om permisjon for folkevalde etter kommunelova § 8-10 er take inn i forskrifta under § 6 Permisjonar og omsorgsgodtgjersle.
2. Kommunestyret vedtek å legge framlegg til «Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vang kommune ut til høyring med høyringsfrist 25.februar 2021.

**Kommunestyret 11.02.2021:**

**Behandling:**

Framlegg til vedtak: samrøystes vedteke

**KS- 006/21 Vedtak:**

1. Reglar om permisjon for folkevalde etter kommunelova § 8-10 er take inn i forskrifta under § 6 Permisjonar og omsorgsgodtgjersle.
2. Kommunestyret vedtek å legge framlegg til «Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vang kommune ut til høyring med høyringsfrist 25.februar 2021.